



KVINNHERAD
K O M M U N E


Vatn og avløp

Peder Sjø Slettebø

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Christina Nyland Jacobsen	467 46 205	2023/5-306		16.11.2023

Svar på gravemelding - Påvising av leidningar - 194/1 m.fl. - Tofte

Viser til Dykkar melding om graveaktivitet (grunnboring) i følgjande merka områdepunkt (lilla kryss punkt «600-608»):



I området det vert vist til har Kvinnherad kommune registrert vass- og avløpsleidningar. Sjå dei vedlagte kartutsnitta. Av det vi kan sjå kjem punkt «600» i konflikt med vår avløp-fellesleidning.

Punkt «605» og «607» kan komma i konflikt med to private vassleidningar. Ingen av desse er innmålte. Resterande punkt kjem ikkje i konflikt med registrert VA-infrastruktur.

NB Leidningane er ikkje innmålt, men teikna på antatt plassering. Det kan difor være avvik frå teikna plassering til kvar leidningane ligg.

Når det skal gravast nær leidningane skal det være med mannskap frå kommunen. Ring vår Avdelingsleiar 901 26 768 minimum to virkedagar før graving, for å avtala tidspunkt. Dersom ein avdekkjer eksisterande røyr under arbeid, kontakt landmålar/GIS-ansvarleg Christina Jacobsen på tlf. 467 46 205 for innmåling.

Vil også gjera merksam på at det kan være private vass-, spillvass- og overvassleidningar i området som ikkje er registrert hos oss. Skulle dette gravearbeidet avdekka vass-, overvass- eller spillvassleidningar ynskjer me at de kontaktar oss slik at desse vert registrert.

Gjeld gravearbeidet etablering av nye konstruksjonar gjeld VA-norm for Kvinnherad kommune kapittel 4.4: Leidningar skal ikkje liggja nærare hus eller andre konstruksjonar enn 4 mtr. Dersom dette likevel er naudsynt, skal beskriving med teikningar og utrekningar vere godkjent av VA ansvarleg i kommunen før arbeidet vert iverksatt/starta opp. Søknad om dispensasjon frå VA-norma må sendast inn til oss. Ved etablering av nye kablar skal det være ein minimums avstand på 1 mtr til offentlege leidningar.

Dersom det skal gravast i kommunal veg/grunn for framføring av kablar og leidningar, må det søkjast særskilt om graveløyve. Søknadsskjema for dette finn du på Kvinnherad kommune sine heimesider.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Christina Nyland Jacobsen
Ingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
arill krossøy